



Tokke kommune
Plan, næring og teknisk etat

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref: «REF» Vår ref: 2021/2087-2 Saksbeh: Per Wraa, Arkivkode: K11 Dato: 17.09.2021

Høyring om forskrift om bruk av telt mv på Tangane friluftsområde i Tokke kommune

Tokke kommune sender med dette forslag til ny forskrift om bruk av telt mv på Tangane friluftsområde i Tokke kommune.

Høyringsfristen setjast til 01.11.2021. Høyrings svar sendast til postmottak@tokke.kommune.no

Med helsing

Per Wraa
Skog og utmarksrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.



Tokke kommune

Arkiv: K11
 Saksnr.: 2021/2087-1
 Saksbeh.: Per Wraa
 Direkte tlf.:
 Dato: 23.07.2021

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Landbruk, miljø og teknisk utval	21/30	09.09.2021

Forskrift om bruk av telt mv på Tangane friluftsområde i Tokke kommune

Saksdokument:

[Lov om friluftslivet \(frilftsloven\) - Lovdata](#)

Saksutgreiing:

Tangane er eit statleg sikra friluftsområde. I slike område kan ein lage egne forskrifter som begrensar ferdsel og overnatting.

På Tangane friluftsområde er det eit problem at enkelte set opp telt, hengekøyer og liknande for overnatting. Ein slik etablering av leirstad gjer til at området ikkje lenger blir like tilgjengeleg for ålmenta som det er tenkt. Det er også eit problem at enkelte vel å gjere frå seg i skogen, med dei utfordringane dette fører med seg. Det er nok av plassar for overnatting på Dalen med telt o.l., og eit forbod mot telting/overnatting på Tangane vil ikkje føre med seg problem for moglege turistar.

I lov om friluftsliv § 9 står det: *Telt må ikke settes opp så nær bebodd hus (hytte) at det forstyrrer beboernes fred og i hvert fall ikke nærmere enn 150 meter.* Store delar av Tangane ligg nærare bebyggelse enn 150 meter.

Regulering av ferdsel på visse friluftsområde er regulera i lov om friluftsliv § 15, som den lokale forskrifta er heimla på.

Kart over området:



Forslag til ny forskrift:

Forskrift om bruk av telt mv på Tangane friluftsområde i Tokke kommune

Heimel: Fastsatt av Tokke kommunestyre XX:XX:20XX med heimel i lov av 28. juni 1957 nr. 16 om friluftslivet § 15.

§ 1. Formål

Føremålet med denne forskrifta er å regulere bruk av telt, hengekøyer og anna for overnatting på Tangane friluftsområde i Tokke kommune.

§ 2. Virkeområde

Denne forskrifta gjeld for delar av arealet som er eit statleg sikra friluftsområde på Tangane i Tokke kommune, med fylgjande avgrensningar:

Nord: Eidsborgbekken

Aust: Bandak

Syd: Jamøy

Vest: Byggeområde mot Dalen sentrum

§ 3. Avgrensingar i bruk av telt, hengekøye, leirslaging mv.

Telting, camping, leirslaging og overnatting er forbode i området på Tangane som skildra i § 2 i denne forskrifta.

§ 4. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Rådmannen si tilråding:

Forskrift om bruk av telt, camping, mm, på Tangane friluftsområde i Tokke kommune, sendast på høyring. Forskrifta er heimla i friluftsliva § 15.

Saksprotokoll i Landbruk, miljø og teknisk utval - 09.09.2021

Kommunedirektøren si tilråding var samrøystes vedteke.

Vedtak

Forskrift om bruk av telt, camping, mm, på Tangane friluftsområde i Tokke kommune, sendast på høyring. Forskrifta er heimla i friluftsløva § 15.